

Notatreferat fra Medlemsmøte Nordmørslista 18.06.2016

Sak 1 – Medlemsforum:

Stig Lundgren innleia,

Facebook, fungerer kun delvis. Ønske om nytt medlemsforum.

Få delt opp i team, få avslutta debatter,

Ønsker å gå bort frå facebook til eit nettforum anna stad.

Med temainndeling. (Se powerpoint: fordel - ulempe for fb og nettforum)

Ønsker å få meir seriøsitet i debattane.

Vi går for ein kombinasjon i ein overgangsperiode, beheld medlemsforum og den opne gruppa.

Konklusjon:

Vi går inn for å endre lukket medlemsforum til ei infoside, og at politisk debatt føres inn på nettforum, med ein glidande overgang fram til god løysing er funnet.

Styret tek saka vidare.

Sak 2 – 5 000 underskrifter:

Krevs for registrering i partiregistret.

Unni redegjorde om temaet.

For og mot debattert, avheng av kva vi gjer mot stortinget.

Mogleg å kombinere med publikumsaksjon i haust, fordelene er at ei innsamling av 5000 underskrifter gjer at vi slepp å samle underskrifter kvart val.

Har vi kapasitet til å stille til Stortinget,

Forslag:

Ta initiativ til " sykehus-liste" nasjonalt.

Identitetsavklaring: Vi er meir enn sjukehus og trøndelag.

Konklusjon:

Utsett vedtak til medlemsmøte i haust, uansett vi skal ikkje kome i konflikt med eventuell sjukehusliste.

Sak 3 – Handlingsplan:

Korleis skal vi ta vare på medlemmane? Starte på ny frisk.

Oppretta studieleiar og medlemsansvarleg for å aktivisere/ivareta medlemmer.

Kva skal den innhalde? Kva mål har vi? Den skal vere eit verktøy for aktiviteten.

Uavhengig av om vi stiller til storting, skal vi markere oss.

Nordmørsalista bør stille i flest mogleg kommuner ved neste kommune og fylkesval.

minst 50% av kommunane.

Få ut i media dei gode sakane vi har bidrege!

Visjon For Nordmørslista(fra powerpoint):

- Nordmørslista skal være en organisasjon som
- Leverer det vi lover
- Blir lyttet til der beslutninger som vedrører Nordmøre blir tatt
- Er synlig i det offentlige rom på en positiv måte
- Holder på velgernes interesse og får deres stemme på valgdagen

Bygge organisasjon frå grunnen av.

Vervekampanje.. mål om 400 medlemmer innen utgangen 2018.

Årshjul med aktivitet må legges ut på den offentlege sida.

Medlemmer må representere NML sjølv om dei ikkje er på tinget eller styret.

Feks betale medlemsavgifter på konferanser ol.

Sak 4 – Helsing frå Fylkestinget:

Runar Westheim. Region og Næring:

- skape eit utval som ikkje er polarisert.

bruke hode ikkje hjerte, fakta som grunnlag, ført til at det ikkje er noko mønster i adresse eller politisk parti når det gjeld vedtak.

handler om tildeling etter søknader, ligg lite fogderi der.

Inntrykk, vi er ikkje frampå nok. Vi må fremme oss sjølv.

Forslag:

Ta initiativ til møte om korleis søke til fylket. Få det til gjennom ein næringsorganisasjon.

Få fast kontor til Innovasjon Noreg på Nordmøre

Elisabeth Jørgenvåg, Samferdselsutvalget ++ :

Tøff start, går likar no

Mykje "avklart" pga lang saksbehandlingshistorikk.

Nordøyvegen., okei sidan Todalsfjordsprosjektet er nest

Litt følelse av å bli halde utanfor.

"rådgjevande" gruppe som jobber i forkant av møter.

Vanskeleg å få nordmørskommuner til å svare på henvendelser og høyringer, ruteendringer.

Minofas, Kjørsvikbugen-Hitra.

Om kystekspresen og værforhold, sviktande passasjertal. Fleire anløpsstader er ønska. Kristiansund og Nordmøre havn har utstyr på lager til dette.

Forslag:

Gå ut i media om å få Nordmørskommunen til å svare ut på høyringer. Vekk opp folket!
Evaluere samarbeidet og korleis det fungerer.

Nils Fløystad, Utdanningsutvalget:

Investeringsplana

Skuletilbodet

Samarbeid på kryss av fronter, men ikkje samarbeid over adresser.

Informasjon om at 3 linjer ved Fagskulen i Krsund er vorte nedlagt, resultat av det som skjedde på siste fylkesting (Juni-tinget)

Mette Belden, Fylkesutvalget /Fylkesutvalget:

Ikkje imponert over samarbeidet.

Neonatalutalinga og behandlinga av den.

Om regionsdebatt. Utredning først.

Vi får lite tilbake for samarbeidet.

Sak 5 - Aktivere politiske undergrupper:

Redegjøring av korleis det er i dag, og korleis det fungerer, eller ikkje.

Blir for mykje overlatt til oss 4.

Vi treng å knytte til oss folk.

Korleis oppfylle listeprogrammet ? ... men kva er listeprogrammet....

Fylkestingsgruppa. Korleis få auka oppmøte? 3 av 11 er for dårleg.

Skap arena for å få aktivitet.

Legg ut forklaring til korleis ein bruker "tenesteområdet"

Purre på administrasjon om utsending av sakspapirer. Interpellasjon ?

Oppretting av programkomite?

Vi må ha nokon til å utforme løpande politikk, men huske å aktivisere det programmet vi har !

Sak 6 – Regionsdebatten:

Lenge siden trønderalternativet blei fremja som viktig for NML.

Kor stort er engasjementet i verkelegheita ? Få, men aktive.

Vi er for heile Nordmøre, ikkje berre for ei gruppe.

Kommune og Regionalreforma er kome som ny faktor, endra føresetnad. Kva vert det av fylket?

Vi skal ikkje sørover !

Mette har hatt kontakt med Ola Rognskog.

Fylket truer kommuner på Nordmøre om å stoppe prosjekt pga regionsdebatten.

Korleis vert inndelinga i regionane ?

Ulike scenario belyst,

Vurdering av styrken i Trøndertoget, vi blir ikkje teke på alvor. Maktkamp. No skal dei vise oss.

Kva kan NML gjere for å bli ein del av prosessen ?

Stig A Ohrvik:

‘‘Vi støtter Orkide

Går ein kommune til Trøndeleg, så støtter vi det

Vi vil nordover om fylket blir delt

Trøndelag må bli høyrte om kven som for bli med dei’’

Finn ut kva krav vi kan stille ved fylkesskifte ? Kan vi gå ut i media med det ?

Send pressemelding om dei fire punkt til Stig, + pluss Runar sitt innlegg om å vise at det må vises at ein meiner noko med festtalane/ vise handling.

NML må støtte ting som skjer i det privat næringslivet på Nordmøre.